

# Møteprotokoll

**Utval:** **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Hotell Alexandra, Loen

**Dato:** 01.09.2016

**Tidspunkt:** 17:00 – 21:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ivar Kvalen	Leiar	Luster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Eline Orheim	Medlem	Sogndal
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Fylkeskommunen
Odd Atle Stegegjerdet	Vara	Fylkeskommunen

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jarle Aarvoll	Eline Orheim	

## Merknadar

Eline Orheim har søkt om permisjon frå styrevervet.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar/sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsy

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_ Ivar Kvalen \_\_\_\_\_ Einar Målsnes \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 31/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 33/16	Orienteringar		
ST 34/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlandning i samband med tilsyn av Kjøsnesfjorden kraftverk - Sunnfjord Energi		2016/2990
ST 35/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - notat som grunnlag for diskusjon: tiltak og aktivitet i verneområdet utan løyve		2016/2296
ST 36/16	Eventuelt		

### **ST 31/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.09.2016**

##### **Handsaming i møte**

Forvaltar beklaga sein utsending av sakspapir.

### **ST 32/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.09.2016**

##### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Einar Målsnes til å underskrive protokollen i lag med styreleiar.

##### **Vedtak**

Einar Målsnes vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet, i lag med leiar. Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller har merknadar, og e-postane blir deira «underskrift» og vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte.

Samrøystes vedteke.

## **ST 33/16 Orienteringar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.09.2016**

Orienteringar:

1. Status på tiltaksplanen  
Tiltaka er i rute, forvaltar gjekk gjennom dei enkelte prosjekta. Brua ved Tungestølen blir truleg noko rimelegare enn budsjettet, og styret ønskja å lage til ei offisiell opning.
2. Reopning på den nyrestaurerte stien til Lundeskaret.  
Arrangementet vart utsett grunna store nedbørsmengde. Ny dato er sett til den 16. september.
3. Mange spørsmål kring droner, avklaring i forhold til forskrifter.  
Styret ønskja ein snever tolking av forkrifta, jf ordlyden «ulempe for andre», punkt 6. Forvaltar lagar eit oppslag til heimesida med vegleiing for potensielle søkerar.
4. Plukking av stein til forblending av Skåla, samt utviding av tal helikopter-landingar.  
Oppfølging av tidlegare løyve. Forvaltar var på synfaring, og Bergen turlag fekk plukke stein ganske nære byggetomta, tiltaket er ikkje synleg i terrenget. Tal turar med helikopter vart utvida frå 200 til 350 i løpet av sommaren, utvidinga var delegert til forvaltar.
5. Status kring Sogndal kommune sitt faste styremedlem.  
Sogndal kommune velger eit nytt varamedlem til styret, og Jarle Aarvoll rykkjer opp til fast plass. Miljødirektoratet har den formelle oppnemninga. Endeleg avklaring klem ila kort tid.
6. Motteken søknad frå DNT-Oot om ny hytte på Sunndalssetra.  
Søknaden er sendt på høyring til Skjåk Allmenning, Reinheimen-Breheimen villreinutval, Reinheimen-Breheimen villreinnemnd og til Breheimen nasjonalparkstyre. Søknaden vert truleg handsama på neste møte i oktober el november.
7. SNO v/ Anne Rudsengen viste bilete frå sommaren 2016.

#### **Synfaring på dag 2:**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var på synfaring til Skåla på fredag den 3. september, dagen etter styremøtet. Under synfaringa fekk styret orientering om stiarbeidet, om motbakkeløpet Skåla Opp, og på toppen så vi på den nybygde sikringshytta som Bergen turlag har fått byggja. Styret var imponert over kor mykje byggeleiar Bjørn Vike har utført på litt over to månader, over ein sommar med mykje nedbør.

## **ST 34/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterlandning i samband med tilsyn av Kjøsnesfjorden kraftverk - Sunnfjord Energi**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.09.2016**

#### **Handsaming i møte**

Oddmund Klakegg ba om vurdering kring habiliteten sin, i og med at han som ordførar i Jølster hadde eigarskapsinteresser i Sunnfjord Energi. Styret vurderte han som habil.

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

I medhald av naturmangfoldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Kjøsnesfjorden kraftverk/Sunnfjord Energi for landing med helikopter på omsøkte punkt i verneområdet i samband med drift og tilsyn av kraftverket med tilhøyrande anlegg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld frå dags dato og fire år fram i tid, altså t.o.m. 1. september 2020.
2. Flyginga bør være mest mogeleg konsentrert i tid, og unngå helgedagar, heilagdagar og store utfartsdagar.
3. Helikopterflyginga må avgrensast til det som er strengt naudsynt for drift og tilsyn av anlegg, og de må ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
4. Rapport om flyginga, datoar, omfang og spesielle observasjonar sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. desember kvart år.

Det vert i utgangspunktet *ikkje* gjeve løyve til lågtflyging langs traseen sør for Sygnesandnipa, då det er heilt kurant å fly den nordlege ruta for å unngå flyging langt innanfor nasjonalparkgrensa. Dersom værtihøva e.a. likevel tilseier at det er umogeleg å fly den nordlege ruta, må nasjonalparkforvaltar varslast pr telefon/e-post.

## **ST 35/16 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - notat som grunnlag for diskusjon: tiltak og aktivitet i verneområdet utan løyve**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.09.2016**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre diskuterte ulike døme på tiltak og aktiviteter som ikkje var omsøkt på førehand. Styret ønskjer å ha fokus på dialog. Samstundes ønskja styret å markere at visse aktiviteter, som til dømes motorisert ferdsle utan løyve, ikkje er akseptert. Dette temaet blir truleg omtalt på nasjonalparkkonferansen i Trondheim den 8. -9. november.

## **ST 36/16 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 01.09.2016**

Kva som skjer utover hausten:

- Reopning av stien til Lundeskaret den 16. september.
- Opning av brui ved Tungestølen den 28. september?
- (Europarc i Sveits den 18.-22. oktober: Ivar, Einar og forvaltar drar).
- Møte i Fagleg rådgjevande utval den 31. oktober
- Nasjonalparkkonferansen i Trondheim for alle nasjonalparkstyra den 8.-9. nov.
- Styremøte den 2. desember